

## MØTEPROTOKOLL

### Møte i representantskapet for Sotra og Øygarden brannvesen IKS

**Møtestad:** Ågotnes brannstasjon, møterom Hydranten  
**Dato:** 26.09.2016  
**Tidspunkt:** 12:00 - 13:00

#### Følgjande medlem møtte

Børge Haugetun  
Marianne Sandahl Bjørøy  
Atle Dævøy  
Lars Olav Hjartøy  
Kari- Anne Landro  
Nils Kåre Skoge

#### Funksjon

Leiar  
Nestleiar  
Medlem  
Medlem  
Medlem  
Medlem

#### Representerer

Øygarden kommune  
Fjell kommune  
Øygarden kommune  
Fjell kommune  
Sund kommune  
Sund kommune

#### Fråfall

Ingen

#### Andre som møtte

Per Heiberg- Andersen  
Kari Hesjedal

Prosjektleinga  
Prosjektleinga

KPMG  
KPMG



**Leiar**



**Medlem**



**Medlem**

#### Kopi:

- [postmottak@oygarden.kommune.no](mailto:postmottak@oygarden.kommune.no)
- [postmottak@fjell.kommune.no](mailto:postmottak@fjell.kommune.no)
- [postmottak@sund.kommune.no](mailto:postmottak@sund.kommune.no)

<b>Sak nr.</b>	<b>Innhald</b>	<b>Merknad</b>
1/2016	Val av leiar	
2/2016	Val av nestleiar	
3/2016	Sekretariatsfunksjon	
4/2016	Styreinstruks	
5/2016	Orientering om samanslåinga	Vedlegg
6/2016	Neste møte	

### **Sak 1/2016 Val av leiar**

**Vedtak:**

Børge Haugetun vart valt som leiar for representantskapet.

### **Sak 2/2016 Val av nestleiar**

**Vedtak:**

Marianne Sandahl Bjorøy vart valt som nestleiar for representantskapet.

### **Sak 3/2016 Sekretariatsfunksjon**

**Handsaming i møte:**

KPMG foreslo at KPMG kan vere sekretariat for representantskapet og for styret fram til brann- og redningssjef er valgt for selskapet. Brann- og redningssjefen er tiltenkt denne rolla i det nye selskapet. Forslaget fekk tilslutning i møtet.

**Vedtak:**

KPMG er sekretariat for representantskapet og for styret fram til brann- og redningssjef er valt for selskapet.

### **Sak 4/2016 Styreinstruks**

**Handsaming i møte:**

KPMG foreslo at representantskapet etablerer ein styreinstruks for styre i selskapet, og at KPMG legg fram utkast til styreinstruks på neste møte for handsaming. Forslaget fekk tilslutning i møtet.

**Vedtak:**

KPMG legg fram utkast til styreinstruks for handsaming i representantskapet på neste møte.

## Sak 5/2016 Orientering om samanslåinga

### **Handsaming i møte:**

KPMG orienterte i møte om prosessen fram til vedtak om samanslåing våren 2016 og om skisse for implementeringsprosessen, sjå vedlagte presentasjon. Arbeidet vil for alvor kome i gang når det nye styret er valt, som tentativt vil skje medio november 2016. Både Sotra Brannvern IKS og Øygarden kommunale brannvesen bør vere representert i styret fram mot etableringa av det nye selskapet. Det er viktig med god informasjon til alle interessentar og involverte i samanslåingsprosessen.

Representantskapet bad om at det vart formidla informasjon om at arbeidet med samanslåing er starta opp. Representantskapet peika også på at det er viktig å nytte erfaringar frå liknande samanslåingar i det vidare arbeidet.

Når brannvesena vert slått saman vil Øygarden kommune misse tilsette som fram til no har løyst oppgåver, spesielt knytt til beredskap. Fram mot 2020 og kommunesamanslåinga for Sund, Fjell og Øygarden kommunar, så har Øygarden behov for å finne ei mellombels og god løysing på ivarataking av desse oppgåvene. Representantskapet bad om at desse problemstillingane vart tatt inn i det vidare arbeidet med samanslåing av brannvesena.

### **Vedtak:**

Representantskapet tek presentasjonen til orientering. Representantskapet ber om at innspela i møte vert teke omsyn til i det vidare arbeidet.

## Sak 6/2016 Neste møte

### **Vedtak:**

Neste møte i representantskapet vert 10.11.2016 kl. 09:00 – 11:00 på Ågotnes brannstasjon, møterom Hydranten.